


FJALER KOMMUNE



Reglement for nemnder utpeika av kommunestyret

Vedteke av Fjaler kommunestyre 17.12.2012, sak 120/12

§1. Samansetjing – arbeidsområde

Kommunestyret kan velje nemnder til å førebu særskilde saker og saksfelt til kommunestyret, jf. kommunelova §10a

Nemndene skal ha frå 3 til 5 medlemer. Fleirtalet skal vere medlemer i kommunestyret. Nemndene skal setjast saman forholdsmessig etter den kjønnsmessige fordeling blant dei som skal veljast. Kommunestyret skal peike ut leiar og gje mandat til nemnda.

Nemnda skal gjennom ein open dialog søkje å kome fram til innstillingar som er tilpassa kommunen sine overordna mål og strategiar.

Nemnda har innstillingsrett overfor kommunestyret innafor sitt mandat.

§2. Saksordførar

Når saka vert lagt fram for kommunestyret pliktar saksordføraren å legge saka fram på nemnda sine vegner, m.a. slik at dei ulike synsmåtane som er kome fram under nemnda si handsaming kjem til uttrykk.

§3. Deltaking for andre i møtet

Ordføraren har møte- og talerett, i nemnda i samsvar med kommunelova § 9.4. Ordføraren kan lete seg representere ved anna medlem av kommunestyret.

Rådmannen har møte- og talerett, personleg eller ved ein av sine underordna, i nemnda i samsvar med kommunelova § 23.3

Innkalling til møte skal sendast til ordførar og rådmann.

Kommunalt tilsette skal møte i nemnda når leiaren eller nemda kallar dei inn.

Nemnda kan etter ynskje kalle inn andre. Desse kan gje opplysningar og utgreiingar, men har ikkje rett til å ta del i drøftingane.

§4. Møtestyrar - Opne eller stenge dører – Teieplikt

Leiar styrer møtet. Har han forfall, vert det vald møtestyrar etter reglane i kommunelova § 32.

Møtet skal haldast for opne dører, med dei unntak som går fram av kommunelova § 31. Personalsaker skal alltid handsamast for stengde dører.

Når det er vedteke at ei sak skal handsamast for stengde dører, og det er gjort vedtak om teieplikt har dei som sit i nemnda og dei kommunalt tilsette som er til stades plikt til å teie om drøftingane. Denne plikta varer til noko anna vert vedteke eller til grunnane for vedtaket om stengde dører har falle bort. Er det andre til stades når ei slik sak er føre, skal møtestyrar krevje lovnad om teieplikt av dei. Brot på forvaltningslova §13 (og andre teiepliktreglar) er elles straffbart etter straffelova § 121.

§5. Framlegg til vedtak og avrøyting

Berre dei som er medlemer av nemnda kan kome med framlegg til vedtak, i den grad ikkje noko særskild lovføresegn gjev andre rett til å kome med framlegg.

§6. Arbeidsmåtar

I tillegg til vanlege møte der dei drøftar saka/saksfeltet dei har fått ansvar for, kan nemnda nytte desse arbeidsmåtane:

A) Temamøte/drøftingsmøte

Nemnda kan halde eigne møte eller deler av eit møte på eitt eller fleire tema der ein nyttar ekstern innleiar..

B) Høyringar/paneldebatt

Som ein del av oppdraget sitt kan nemnda skipe til høyringar der involverte partar blir invitert til å svare på spørsmål frå medlemene i nemnda. Nemnda kan også skipe til paneldebattar mellom interesserte og involverte partar i viktige saker.

Høyringar/paneldebattar skal ikkje skipast til i direkte tilknyting til handsaming av saka, det vil seie i same møtet.

§7. Føring av møtebok

I møteboka skal det førast inn for kvart møte; tid og måte for innkallinga, møtestad og møtetid og kven som var til stades.

Møteleiaren og minst to andre som er med i nemnda, skriv under møteboka. Møteboka skal leggast fram for nemnda i det påfølgjande møtet.

Rådmannen har ansvar for sekretariatfunksjonen for nemnda og utfører denne under leiing av møtestyrar.

§8. Kommunelova sin sakshandsamingsreglar

Kommunelova sine sakshandsamingsreglar i kap. 6 gjeld for nemnda.

Forvaltningslova sine reglar gjeld, med mindre særlov seier noko anna.